Reguleringsføresegner til reguleringsplan for Bergumfeltet:

## A. Fellesføresegner.

§1 Desse reguleringsføresegnene gjeld for det området som er avgrensa med reguleringsgrense på plankartet.

§2 Området er regulert til desse formåla:

| | |
|---|---|
| Byggeområde for bustader | |
| Landbruksområde | L |
| Trafikkområde | |
| Friområde | F |

§3 Når særlege grunnar talar for det kan bygningsrådet innafor ramma av bygningslova, gjere unntak frå desse føresegnene.

§4 Etter at planen er stadfesta er det ikkje tillatt ved privatrettslege avtalar å etablere tilhøve som er i strid med reguleringsplanen med føresegner.

§5 Alle inngrep i terrenget skal utførast mest mogleg skånsomt. Dette gjeld inngrep i samband med framføring av vegar, vatn- og avløpsnett, el- og telenett og bygging av hus.

## B. Byggeområder for bustader.

§6 a) I området skal det førast opp bustadhus med tilhøyrande anlegg. Utnyttingsgrad er 0.2 i heile anlegget.

b) Nye tomter er vist med byggesoner og framlegg til husplassering.

§7 a) Ved handsaming av byggemelding skal bygningsrådet sjå etter at det vert nytta hustypar som gjev god tilpassing til tomta og god samanheng mellom bustad og uterom.

b) Bygningane skal ha ei takhelling på min. 22°.

c) Garasje/uthus skal førast opp på eiga tomt. I tillegg skal det på eiga tomt vere ein biloppstillingsplass ekstra. Innafor rammene av bygningslovgjevinga kan garasje førast opp i nabogrense.

d) Garasje skal utformast i arkitektonisk samanheng med bygningane elles.

§8 For kvar byggemelding skal det leggast ved situasjonsplan over tomta. Denne planen skal vise husplassering påført utvendig hovudmål, etasjetal og gesimshøgde, avstand til nabogrense og næraste bygningar, adkomst, boder, garasje og biloppstillingsplass. Planen skal også vise korleis hovuddisponeringa av utearealet med terrengopparbeiding, vegetasjon, skjerming mot nabo, leidningsføring etc. er tenkt løyst. Det bør takast vare på eksisterande vegetasjon. Situasjonsplanen skal godkjennast av bygningsrådet.

## C. Friområde.

§9 a) I området kan det oppførast konstruksjonar som har naturleg tilknyting til bruken av området som friområde, t.d.: leikeutstyr, bord og benkar.

b) Bygningsrådet skal sjå etter at leikeplassar og gangvegar vert tilrettelagt og opparbeidd i takt med utbygginga av bustadane.






## FORKLARING

Gang- og sykkelvegen frå Storåa til Lillesandbu er i samsvar med Statens Vegvesen sin eigen detaljplan frå april 1986. Trafikksituasjonen ved avkjøringa til Lillesandbu og Marit Østmo sin eigedom er ei opptegning av dagens situasjon slik som vist på detaljplanen. Det er regulert inn atkomstveg til Østmo sin eigedom frå veg nr. 1 men nåverande avkjøring frå E-6 kan nyttast inntil Vegvesenet krev avkjøringa stengt på grunn av auka trafikk på E-6.

Leikeplassen er plassert sentralt i feltet på eit av sei flataste areala. Toppen av skjæringa på snuplassen skal sikres med gjerde for å hindre at denne skråningen blir brukt til aking.

Bergumsgeilen vil i framtida bestå som eit friareal, men vil ikkje bli brøyta eller vedlikehalde spesielt med tanke på bruk som gangveg. Nederst i geilen ved avkjøringene til Østmo og Lillesandbu vil geilen bli stengt for å hindre aking/kjøring ut på E-6.



## TEIKNFORKLARING

**PBL. § 25 REGULERINGSFOREMÅL**

1. BYGGEOMRÅDE
   - BUSTADER
   - FORRETNINGAR, KONTOR MM.
   - INDUSTRI
   - OFF. BYGNINGAR
   - ALMENNYTTIGE FØREMÅL
2. LANDBRUKSOMRÅDE
   - JORDBRUK
3. TRAFIKKOMRÅDE
   - KJØREVEG
   - GANG/SYKKELVEG FORTAU
   - VEGGRØFT, RABATT
4. FRIOMRÅDE
5. FAREOMRÅDE
6. SPESIALOMRÅDE

**§26. ANDRE FØRESEGNER**

- FELLES AVKJØRING
- FELLES LEIKEPLASS

**STREKSYMBOL MM.**

- PLANAVGRENSING
- GRENSE FOR REG. FØREMÅL
- BYGGEGRENSE
- TOMTEGRENSE
- FRISIKTLINJE
- SENTERLINJE VEG
- OMRISS AV PLANLAGTE BYGG
- OMRISS AV EKS. BYGG

N

MÅLESTOKK 1 1000

0 50

REGULERINGSPLAN FOR BERGUMFELTET KVAM

# NORD FRON KOMMUNE

KARTBLAD
CE 086-51
CE 086-52
CE 086-59

| REVISJONAR | DATO | SIGN. |
|---|---|---|
| Mindre vesentleg endring – avkjøring til eks bustad frå veg nr. 1 | 29/4-87 | Bj. Bj. |

| SAKSBEHANDLING IFLG. PLAN OG BYGNINGSLOVA | DATO |
|---|---|
| BYGNINGSRÅDETS VEDTAK | 9/10-1986 |
| UTLAGT TIL OFFENTLIG ETTERSYN | 20/10-10/11-86 |
| BYGNINGSRÅDETS VEDTAK | 18/12-1986 |
| KOMMUNESTYRETS VEDTAK | 5/2-1987 |

PLANLEGGER Bjørn Erik Bjørke

| SAK NR. | TEGN. NR. | SAKSBEH. |
|---|---|---|
| | | |

**TEKNISK KONTOR NORD-FRON**
2640 VINSTRA TLF. 90.000